

Årsmelding 2008



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Visjonen vår: Vi vernar verdiar

Innhaldsliste

Direktøren	Side 4
Administrasjonen	Side 7
Lotteritilsynet	Side 8
Ny terminalkontroll	Side 11
Stiftelsestilsynet – tilsyn	Side 12
Stiftelsestilsynet – forvalting	Side 15
Stiftelsestilsynet – kontroll	Side 17
Pengespelproblem	Side 19
Hjelpelinja	Side 20
Statistikk 2008	Side 22
Nettspel 2008	Side 26
Rekneskap 2008	Side 28
Ny organisering.....	Side 29



Direktør Atle Hamar

Endeleg stabile rammevilkår

Lotteri- og stiftelsestilsynet har bak seg eit godt og stabilt arbeidsår. Dette skuldast at 2008 var det første året der aktiviteten ikkje var prega av endringar i rammevilkåra som påverka organisasjon og arbeidsmengd.

Frå 2005 har vi vore eitt statsorgan med to fagtilsyn. I løpet av året gjennomførde vi endringar i organisasjonen der vi har reindyrka fagtilsyna. Samstundes har vi etablert gode og overgripande stabsfunksjonar i samfunnsskontakt, administrasjon og teknologi/it. Dette har særleg vore klargjerande for Stiftelsestilsynet.

Arbeidet med å rydde i stiftelses-Noreg heldt fram i 2008. Vi har i dag ca 8800 stiftelsar her i landet, og vi var ved utgangen av året komne langt i arbeidet med å etablere eit nytt nasjonalt stiftesesregister. Samstundes auka tilsynsaktivitet som viser at å etablere eit nasjonalt stiftelsestilsyn var nødvendig.

Stiftelsestilsynet vil få tilført meir ressursar i 2009. Og på bakgrunn av utviklinga i finansmarknaden det siste halve året, har tilsynet varsla at det vil bli gjennomført stikkprøvekontrollar neste år. Bakgrunnen er at tilsynet vil forsikre seg om at kapitalen i stiftelsane blir forvalta forsvareg og til beste for stiftelsens formål.

På lotterisida vart det brukt ressursar på dei nye speleterminalane til Norsk Tipping. Målet er at vi fra 2009 skal kunne overvake aktivitet og åtferd ved tusenvis av terminalar frå ein stad. Dette arbeidet har allereie vekt interesse internasjonalt.

Angrepet på det norske spelemonopolet heldt fram gjennom den såkalla Ladbrokes-saka i tingretten. Monopolet står framleis trygt, men er blitt stadig meir utfordra av den uregulerte marknaden på Internett. Mot slutten av året vedtok Stortinget lovendring som gjer det forbode å formidle pengar mellom norske finans-

institusjonar og utanlandske fjernspelaktørar. Dette vil venteleg føre til at veksten i marknaden stoppar.

Få land, om nokon, har brukt så mykje ressursar til kartlegging av speleåtferda i befolkninga som Noreg. For å fange opp endringane etter at den gamle automatmarknaden vart avvikla, gjennomførte SINTEF Helse ein ny befolkningsstudie i 2008. Konklusjonane er at talet på nordmenn med alvorlege speleproblem held seg stabilt, men vi ser ei dreining i problemspeling i retning nettspel og dei raskaste regulerte spela.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er eit organ som dagleg er i kontakt med frivillige krefter her i landet, og arbeidet med moms-kompensasjon er eitt av fleire døme på det. Vi ser at vi spelar ei viktig rolle som service- og rettleiande organ for ein stor og viktig sektor – det frivillige Noreg.

Lotteri- og stiftelsestilsynet legg vekt på at vi er oppdaterte når det gjeld risiko- og sårbarheitsvurdering. Vi byggjer også opp intern kompetanse med tanke på å redusere eksterne kjøp av tenester, mellom anna på it-området. Men til liks med alle andre verksamheter har Lotteri- og stiftelsestilsynet måttå jobbe hardare for å sikre rekrutteringa i 2008. Men vi har lykkast godt, og er framleis ein attraktiv arbeidsplass.



Atle Hamar – direktør

Kraftig dokument-vekst

Lotteri- og stiftelsestilsynet opplevde i 2008 ein kraftig vekst i arkivfunksjonen. Auken var på heile 13 000 dokument i løpet av året.

I alt handterte arkivet i Lotteri- og stiftelsestilsynet over 32 600 dokument i løpet av 2008. Av dette var nærmere 19 000 inn-gåande dokument. Den store auken skuldaast først og fremst at Lotteritilsynet overtok politiet sine lotterioppgåver frå januar 2008. Særleg har forvaltinga av bingomarknaden medført ein vesentleg auke.

Som tilsyn er difor Lotteri- og stiftelsestilsynet i dag blitt store på forvaltingsoppgåver. Ein del av dette kan forklaraast med at tilsynet sjølv over tid har teke over fakturering av gebyr, til dømes for stiftelsane.

Stiftelsestilsynet ser ut til å ha nådd ein førebels topp når det gjeld dokumentmengd. I 2008 var det vel 8100 inngåande og vel 4100 utgående dokument i Stiftelsestilsynet, og dette er nesten 2000 færre enn året før.

Ved utgangen av 2008 var det 56 fast tilsette i Lotteri- og stiftelsestilsynet, inkludert sekretären for Lotterinemnda. Nokre faste stillingar stod ved årsskiftet ledige,

mellom anna på grunn av tilsetjingsprosessar. Av dei 56 var det 32 kvinner, og det er kvinner i to av seks leiarstillingar i Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har utvikla ein metodikk for risikostyring, og dokumenta vart revidert i oktober 2008. Nemnast kan til dømes at det dette året også vart godkjent ein eigen handlingsplan for krisesituasjonar som kan oppstå i tilsynet.

Vidare er det ei løpende oppgåve å følgje opp og etterleve innkjøpsregelverket. Her er det lagt vekt på intern informasjon om dei sider ved regelverket som KKD understrekar overfor underliggende etatar.

Admi står også sentralt i tilsynet sine rekrutteringsprosessar. Også i den stramme arbeidsmarknaden første halvdel av 2008 lykkast vi med å skaffe den ønskte kompetansen til begge fagtilsyn. Dette oppnår vi mellom anna ved å delta aktivt på aktuelle rekrutteringsarenaer utanfor Førde.



TRAVEL GJENG PÅ ARKIVET: Frå venstre lærling kontorfag Stian Nessestrand, konsulent Janne Kleiven, førstekonsulent Ingunn Strømsli og førstekonsulent Ann-Kristin Gaare.



LOTTERITILSYNET I ARBEID: Frå venstre rådgjevar Johnny Gustavsen, seniorrådgjevar Anne-Lise Bekjorden, rådgjevar Silje Sægrov og rådgjevar Ingrid Sælen.

Nye oppgåver kravde ressursar

Frå 2008 overtok Lotteritilsynet lotterioppgåver som tidlegare vart forvalta av politiet. Arbeidet har kravd meir ressursar enn venta.

Arbeidet med bingsosøknader har gått greitt, men viste seg å vere meir ressurskrevjande enn det vi hadde venta. Det same gjeld arbeidet med meldingslotteri. Likevel har overtakinga av politiet sine oppgåver gått greitt slik tilsynet ser det.

2008 vart det første automatfrie året på lenge her i landet. Sjølv om mange henta inntekter frå gevinstautomatane, har bortfallet ikkje ført til nemneverdig nedgang i talet på lotteriverdige lag og foreiningar. Talet ligg på i underkant av 5000. Rett nok vart over 400 sletta frå Lotteriregisteret om hausten på grunn av manglende rekneskapsopplysningar. Men samstundes kjem det stadig nye til.

Omsetninga på bingo hjå entreprenør har auka mykje i 2008 [sjå kapittel om statistikk]. Det er spesielt omsetninga på data-bingo og bingoautomatar som har ført til denne auken.

Den uregulerte marknaden vokser også i fjor, men mykje tyder på at pokerbølgja har stagnert i Noreg. I alle fall tyder målingane av uregulert nettspel på at nettpoker flatar ut, medan andre former for kasinospel er på veg inn – i alle fall fram til forbodet mot overføring av pengar frå finansinstitusjonar blir sett ut i livet.

Det var liten pyramideaktivitet i 2008. All fokus på ulovlege pyramidar dei siste åra, ser ut til å ha skremt både aktørar og deltarar frå å gå inn i nye pyramidar.

Lotteritilsynet har også god kontroll på ulovleg marknadsføring av lotteri. Media respekterer stort sett lovverket på området. Derimot er ulovlege lotteri i ein del TV-sendingar stadig eit problemområde. Dette er såkalla SMS-konkurransar som i ein del tilfelle er lotteri som tilsynet får mange klager på. Også i 2008 vart dette teke opp med produsentane av programma.

Fem-seks nye lotterikonsept vart i 2008 vurdert av Lotteritilsynet. Dette er konsept som ved årsskifte låg til vurdering i Kultur- og kyrkjedepartementet. Erfaringane er at dette er konsept som det til dels er dyrt å utvikle. Så langt er det berre det såkalla Pantelotteriet som er sett ut i livet av nye lotteriformer etter at automatmarknaden vart avvikla.

Lotteritilsynet stod også for utdeling av momskompensasjon til frivillige lag og organisasjoner. I fjor vart det delt ut vel 181 millionar kroner fordelt på 433 søkjrar. Nærare 40 søknader vart underkjende.

Ny kontroll ei utfordring

Kontrollen av Norsk Tipping sine nye terminalar er ei utfordring som Lotteritilsynet tok til på i 2008. Først i løpet av 2009 vil kontrollen vere ferdig utvikla og på plass.

Vel 5000 Multix-terminalar skal etter planen plasserast rundt om i heile landet , etter at Norsk Tipping starta eit pilotprosjekt hausten 2008. Parallelt med dette jobba Lotteritilsynet med utvikling av kontrollen – eit arbeid som i stor grad blir gjort av tilsette i tilsynet.

Lotteritilsynet og Norsk Tipping sluttførte i 2008 også arbeidet med framlegg til reglementet for spela i dei nye terminalane. Reglementet vart deretter levert til Kultur- og kyrkjedepartementet til godkjenning. Det vart valt ein modell der ansvarelegheita er plassert på spelaren i større grad enn på sjølv spela. Mellom anna skal ingen kunne tape meir enn 2200 kroner pr. månad, og det

blir ein obligatorisk pause etter ein times samanhengjande spel. For å kunne delta må spelaren nytte Norsk Tipping sine spelekort, noko som gir god kontroll med aldersgrensa på 18 år.

Lotteritilsynet har merka stor internasjonal interesse kring det som har skjedd i den norske automatmarknaden. Det gjeld til dømes nedkoblinga av dei gamle gevinstautomatane som førte til ei kraftig nedkjøling av omsetninga i den regulerte penge-spelmarknaden. Men det er også interesse for Norsk Tippings nye terminalar, og ikkje minst den sentraliserte kontrollen som det blir lagt opp til.



JOBBAR MED NY TERMINAL-KONTROLL: Frå venstre konsulent Sindre Hauglum, seniorrådgjevar Rolf Woll og seniorrådgjevar Kåre Eide.



STYRER STIFTELSESTILSYNET: Frå venstre seniorrådgjevar Øystein Fosstvedt, avdelingsdirektør Finn Sørhus og seniorrådgjevar Tom S. B. Plünnecke. Fosstvedt er teamkoordinator for Team forvaltning/register, Plünnecke er teamkoordinator for Team tilsyn.

Tilsynsarbeidet gir resultat

Tilsynsarbeidet i Stiftelsestilsynet førte i 2008 til at vesentlege beløp vart tilbakeført til formålet i stiftelsane. Det er snakk om ca 100 millioner kroner.

Tilsynsarbeidet vart intensivert i løpet av året. I løpet av 2008 kom det inn 168 nye tilsynssaker, og ved utangen av året var 135 saker til handsaming. Dette er ein auke på 29 saker frå året før. Auken i talet på saker, og i overøring til formålet i stiftelsane, har samanheng med at tilsynet mottok vesentleg fleire revisorbrev enn tidlegare.

Når det ligg føre ein systemsvikt i ein stiftelse, har revisor plikt til å sende tilsynet nummererte revisorbrev. Det at revisor på den måten grip tak i saker, gir tilsynet høve til på ein heilt annan måte å følgje opp. Og frå tilsynets side blir det understreka at internkontrollen må fungere i stiftelsane.

Stiftelsestilsynets jobb er først og fremst å følge opp der både internkontroll og revisorkontroll sviktar. Men talet på slike saker er for tida aukande. I to tilfelle vart det i 2008 reist erstatningssøksmål mot tillitsmenn i stiftelsen etter at tilsynssak vart opna. I eitt tilfelle er godtgjering til styres medlemmer nedsett med i alt ca 2,3 millionar kroner.

Vidare vart det gjort vedtak om å avsetje styremedlemmer og revisor i stiftelsar. Og det vart oppnemnt setjestyre i tilfelle der det valde styret fekk habilitetsproblem.

I tre tilsynssaker vart det starta arbeid med innstilling til Justisdepartementet med tanke på å levere politianmeldelse for tilhøve som er avdekka. Tilsynet vil gå inn i fleire tunge og krevjande saker som kan resultere i reaksjon av alvorleg karakter.

I mange av tilsynssakene prøver Stift-

elsestilsynet gjennom dialog med stiftelsen å komme fram til eit resultat som er til beste for formålet og den einskilde stiftelse. På denne måten vart det i løpet av året tilbakeført ca 100 millionar kroner til formåla i stiftelsane. Tilsynsarbeidet med Eckbos Legater er eit godt døme på ei slik sak som tilsynet brukte mykje ressursar på i 2008. Arbeidet førte til at ei vesentleg omstrukturering av organisering og drift med korrekjonar i høve til avtaleforhold. Mange millionar kroner vart på denne måte tilbakeført til formålet.

Stiftelseslovens § 59 gir tilsynet høve til å granske ein stiftelse. Granskingsform etter denne paragrafen vil bli ein meir brukt kontrollfunksjon i framtida. Dessutan vil Stiftelsestilsynet følge opp med stikkprøvekontroller for å oppnå ein general-preventiv virkning. (sjå eigen artikkel side 17).

Men også i 2008 vart det gjennomført fleire tilsyn ute i stiftelsane der tilsynet har hatt løpende kontakt med dei aktuelle stiftelsane, tillitsmenn og revisorar.

Ved årsskiftet 2008/2009 hadde Stiftelsestilsynet 11 tilsette. Dette vil auke til 16 i løpet av 2009.

Arbeidet i tilsynet er no organisert i to team. Team tilsyn er leia av seniorrådgjevar Tom S. B. Plünnecke, medan seniorrådgjevar Øystein Fosstvedt er teamkoordinator i Team forvaltning.

Ny organisering gir resultat

Team forvaltning har ansvaret for mange sakstypar i Stiftelsestilsynet, i tillegg til drift og utvikling av Stiftsesregisteret. Gjennom ny og betre organisering i team kan arbeidet prioriterast betre. Dette kjem stiftelsane til gode.

Blant oppgåvene i Team forvaltning kan nemnast:

- Nyregistrering av stiftelsar
- Alminneleg sakshandsaming med søknader
- Kapitalendringer
- Dispensasjon frå lova
- Felles forvaltning
- Endring av vedtekter
- Søknad om oppheving
- Søknad om samanslåing og deling

Dessutan har teamet ansvar for omdanning av anna enn stiftelsar (stiftseslova § 55), blant anna omdanning av bandlagd fast eigedom. Det same gjeld omdanning av inn-samla midlar og foreningsmildar.

Teamet jobbar også med søknader om omdanning av beslagsforbod etter dekningslova kapittel 3 og bandlagd pliktdels-arr etter arvelova § 32. Søknader om visse former for omorganisering av samvirkeføretak etter samvirkelova ligg også til teamet, men ved utløpet av 2008 var det ikkje mot-teke slike søknader.

I tillegg har Team forvaltning ansvaret for klagehandsaminga for desse sakene. Jus-

tisdepartementet er klageinstans for alle desse sakstypane.

Saker om nyregistrering og vedtektsendring går relativt raskt. Derimot tar det lengre tid å få unna sakene som gjeld oppheving, samanslåing og deling av stiftelsar. Også søknader om omdanning av anna enn stiftelsar og søknader etter dekningslova og arvelova tek normalt sett lengre tid.

Stiftelsestilsynet kan ikkje seie seg nøgd med sakshandsamingstida i 2008, men reknar med at dette vil betre seg etter kvart. Ved slutten av året hadde teamet 650 saker som ikkje var avslutta. Dette var ei ned-bygging frå 2007 på 350 saker. 90 prosent av sakene var frå 2008 – resten var eldre. Team forvaltning har som mål å komme ned på ein restanse på under 300 saker.

Team forvaltning har også ansvar for arbeidet med Stiftsesregisteret og inn-haldet på tilsynets si internettseite. I så måte ventar tilsynet effekt ved at det er jobba med ei oppdatering av innhaldet på Stift-elsestilsyns heimeside. Det vil gje oss betre kvalitet på søknader, som i sin tur vil gje kortare sakshandsamingstid. Også det nye Stiftsesregisteret vil effektivisere saks-handsaminga.


Nytt register på trappene

Arbeidet med det nye Stiftsesregisteret pågjekk heile 2008. Registeret skal etter planen vere ferdig til bruk i løpet av første kvartal 2009.

På grunn av kostnadsbilete og revurdering av leverandør er det nye registeret forseinka. Eit ferdig oppdatert register vil bli offentleg tilgjengeleg på nettet i løpet av 2009.

Registeret vil også gi Stiftelsestilsynet betre grunnlag for å uttale seg sikkert om statistiske data når det gjeld norske stiftel-sar.

Ved årsskiftet var talet på registrerte stiftelsar i Stiftsesregisteret i overkant av 8 500. Av dei var i underkant av 1 000 næringsdrivande/registrerte i Føretaks-registeret og resten alminnelege stiftelsar.



JURISTAR I STIFTELSESTILSYNET: Frå venstre førstekonsulent Martin Falch Haavardsholm Storetvedt, seniorrådgjevar Liv Tystad og førstekonsulent Kristin Aspevik.



Varsel om stikkprøvekontroll på veg ut fra arkivet i tilsynet.

Omfattande stikkprøve-kontroll

Mot slutten av året varsla Stiftelsetilsynet at det i 2009 vil bli gjennomført stikkprøve-kontroll av eit større tal stiftelsar av forskjellige kategoriar.

Den internasjonale finanskrisa og internasjonale konjunkturår påførte i 2008 private og offentlege norske formuar store tap. På denne bakgrunn vil Stiftelsetilsynet sjå nærmere på kapitalforvaltninga i stiftelsane.

Alt mot slutten av 2008 kom det informasjon om at også norske stiftelsar var påverka av finanskrisa. Kontrollane vil fortelje meir om i kor stort omfang dette har skjedd.

Det er første gong styresmaktene gjennomfører stikkprøvekontroll av stiftelsar på landsbasis. I forarbeid til lovverket er det føresett at eit offentleg tilsyn skal ha denne type kontroll på linje med det , blant andre, avgifts- og skattestyresmaktene har.

Ved kontrollane vil det særleg bli fokus på om forvaltninga av kapitalen i stiftelsen er i

tråd med stiftelseslovens § 18. Her heiter det at "stiftelsens kapital skal forvaltes på en forsvarlig måte, slik at det til enhver tid tas tilstrekkelig hensyn til sikkerheten og mulighetene for å oppnå tilfredsstillende avkastning for å ivareta stiftelsens formål".

For Stiftelsetilsynet er det viktig at stiftelsane er bevisste på å oppnå best mogleg avkastning på bakgrunn av storst mogleg tryggleik for formuen.

I så måte vil tilsynet vurdere om det er forsvarlege prosedyrar når det gjeld kjøp, sal og vedlikehald av formuesobjekt i stiftelsane. I hovudsak er det snakk om dokumentbaserte kontrollar, men det vil også bli gjennomført kontrollar ute i stiftelsane.

Litt færre stiftelsar

Det var registrert 8530 stiftelsar i det nye Stift-elsesregisteret ved utgangen av 2008. Dette var 273 færre enn året før.

I løpet av 2008 var det ein tilgang på 337 stiftelsar. Men sidan avgangen var på 523, vart talet på stiftelsar redusert noko. Redusjonen er forventa, og skuldast at mindre stiftelsar vert oppheva eller samanslått.

Av dei vel 8500 stiftelsane var 967 næringsdrivande stiftelsar – resten er alminnelige stiftelsar. Dei næringsdrivande stiftelsane hadde ein eigenkapital på 23,1 milliardar.

Samla hadde norske stiftelsar ved års-skiftet 2008/2009 ein eigen-kapital på 54,5 milliardar kroner.



STATISTIKK: Seniorrådgjever Jonny Engebø lagar Lotteritilsynets årsstatistikk og driv kartlegging av speleåtferd.

Auka kunnskap om speleproblem

Kunnskapen om pengespel-problemet i den norske befolkninga er stor. I 2008 vart det for andre år på rad gjennomført ein befolkningsstudie, først og fremst for å finne endringar etter at gevinstautomatane forsvann.

Hovudkonklusjonane i den nye studien viser at talet på problemspelarar er stabilt. I 2008 hadde 0,8 prosent av den vaksne befolkninga speleproblem, ifølgje studen som vart gjennomført av SINTEF Helse. Dette utgjer i underkant av 30.000 personar.

Men det har vore endringar i problemspelinga etter at gevinstautomatane forsvann 1. juli 2007. Særleg har det vore ein vekst blant personar som spelar på uregulerte nettspel. Men det har også vore ein viss auke i oddsspel.

Dette var den tredje befolkningsstudien her i landet sidan 2002. Saman med alt anna karleggingsarbeid av speleåtfred i regi av Lotteritilsynet, betyr det at norske styresmakter har god oversikt over utviklinga av speleåtforda i befolkninga. Dette er viktig kunnskap når den framtidige pengespelpolitikken skal stakast ut.

Arbeidet med regelverket kring spela i dei nye Multix-terminalane tok også tid i 2008 [sjå eigen artikkel].

I 2008 vart Lotteritilsynets arbeid med oppfølging av den treårige Handlingsplanen

avslutta. Her skulle uehdig speleåtfred førebyggjast i utsette grupper, og mykje av aktiviteten i treårsperioden vart retta inn mot yngre personar. Med tanke på at dette har vore ein nasjonal haldningskampanje med relativt små budsjett, var kampanjen godt synleg mellom anna takka vere aktiv bruk av media. Kampanjen har bidrege til auka bevisstgjering og fokus på risiko og problem knytt til pengespel, særleg i utsette grupper.

Talet personar som kontaktar behandlingsapparatet har gått ned etter at gevinstautomatane forsvann i 2007. I kva grad endra problemspeling på sikt fører til større pågang i hjelpeapparatet, vil den komande tida vise.

Lotteritilsynet har etter oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet utarbeidd eit framlegg til ny handlingsplan. Her blir det rådd til å føre vidare innsatsen både når det gjeld forsking, behandling og førebyggjande aktivitet.

Samtalar om nettspel dominerer på Hjelpelinja

Blant pengespela som blir omtalt ved Hjelpelinja er internettspel no oftast tema. Saman med spel på internettcasino utgjer dette om lag halvparten av samtalane som handlar om pengespel. Poker og kasinospel er pengespel utan regulering i Norge.

Hjelpelinja har også ein del samtalar med foreldre til barn som spelar online rollespel.

Lotteritilsynet samarbeidet med Sykehuset Innlandet HF Sanderud om Hjelpelinja for speleavhengige. Dei siste to åra er talet på samtalar redusert, og årsakene har hovudsakleg vore setelforbotet i 2006 og automatforbotet i 2007. Tidlegare var samtalar om gevinstautomatar dominante ved Hjelpelinja.

I 2008 hadde Hjelpelinja 985 seriøse samtalar. 814 av desse handla om spelarar.

2008 er første heile året der samtalene i liten grad handlar om gevinstautomatar. Dermed er det naturleg at trafikken ved telefonen vart redusert frå 2007 då det var 1 117 samtalar som handla om spelarar.

83 pst av dei med pengespelproblem som ringte eller vart omtalt på hjelpelefonen i 2008 er menn. Snittalderen for menn er 32,5 år. For kvinner 44,3 år.

Poker er det mest omtalte pengespellet på Hjelpelinja, og som tidlegare år har poker også i 2008 hatt ein reell, men mindre auke. I 2008 har vi registrert poker som hovedproblempspiel i 217 samtalar. I 2007 og i 2006 var dette talet høvesvis 196 og 126.

I 207 av samtalane vart det spesifikt sagt at det var snakk om nettpoker. Det er likevel ikkje berre poker av pengespela som blir spelt på Internett. Kasino-, odds- og hestespel er nemnt i høvesvis 38, 34 og 25 samtalar der det er snakk om nettspel.

Stadig fleire spelar pengespel via elektroniske kanalar. I 67 %¹ av førstegongssamtalar i 2008 kjem det fram at hovudproblempspellet vert spelt frå PC-en heime. Ein del spelar også eller i staden for frå PC på jobben (5 %) eller anna stad (12 %). Vi har også registrert einskilde (1 %) som spelar frå mobiltelefon.

Hjelpelinja mottar elles ein del samtalar om spel som ikkje direkte er pengespel. Mange av samtalene handlar om rollespelet World of Warcraft. 157 av 814 samtaler handlar utelukkande om spel som ikkje direkte er pengespel. I 2007 var talet 205.

Samtalene om slike spel inngår ikkje i resultata vi har presentert ovanfor, men her nemner vi at dei fleste kjem frå pårørande. I 93 % av samtalane er spelaren menn og snittalderen er 18,9 år.

¹ Prosentgrunnlag er 508 førstegongssamtalar om pengespel.



Biletet er tatt på ein temadag der dei fleste av dei som svarer på Hjelpeleinjen var til stades.

Framme frå venstre: Finn Gyllstrøm, spesialkonsulent ved Østnorsk kompetansesenter og Thore Paulsen, dagleg leiar Hjelpeleinjen.

Andre rekke frå venstre: Anne Cathrine Eidissen, Svein Moen og Kristin S. Holm.

Tredje rekke frå venstre: Sirikit Ødegård, Liv Kristin Kongsrød og Ingrid W. Tchesmedjieva.

Bak frå venstre: Trond Aspeland, Hege F. Jansen, Thea Imerlund, Turid Gulbrandsen, Elin Joneid og Bjørn Erik Evenstad.

Omsetninga ytterlegare redusert i 2008

For tredje år på rad vart omsetninga på regulerte norske pengespel redusert. Førebelse tal viser at det i 2008 vart omsett for brutto om lag 18,6 milliardar kroner. I 2007 var omsetninga på 27,4 milliardar¹.

Til samanlikning berekna Lotteritilsynet den totalt marknaden i år 2000 til 20,7 milliardar². Omsetninga i 2008 er dermed den lågaste dette tiåret. Forklaringa på nedgangen siste året er automatforbotet som vart innført 1. juli 2007. Gevinstautomatane stod for ein stor del av omsetninga i marknaden, og 2008 er det første heile automatlriåret.

På bakgrunn av estimatet for 2008 vil kvar innbyggjar, utan omsyn til alder, i gjennomsnitt ha satsa 3 900 kroner på pengespel. I 2007 utgjorde dette snittalet 5 800 kroner. Når gevinstane er trekte frå la

nordmenn i 2008 igjen 7,9 milliardar kroner på pengespel. Dette utgjer 1 700 kroner per innbyggjar.

Innsats og tap på utanlandske nettstader kjem i tillegg til dette. Gjennom kvartalsvise målinger som Respons Analyse AS har utført for oss, kjem det fram at om lag 259 000 nordmenn spelte pengespel på Internett i 2008, og at mange av dei spelte på utanlandske nettstader.

Kor mykje av spel- og lotteriinntektene som gjekk til humanitære og samfunnnyttige formål i 2008, er i skrivande stund ikkje klart.

Spel- og lotterimarknaden 2008

	Millionar NOK		Millions EURO ³	
	Brutto oms.	Netto oms.	Gross turnover	Expenditure
Norsk Tipping (eigne spel)	9 612	4 481	1 169	545
Rikstoto	3 710	1 214	451	148
Talspelet Extra	967	483	118	59
Lotteri (eksklusiv Flax) *	500	400	60	50
Bingo *	3 800	1 300	460	160
Totalt	18 600	7 900	2 260	960
Per innbyggjar ⁴ (avrunda)				
Per capita	3 900	1 700	500	200

*) Estimert omsetning, i NOK runda av til nærmeste 100 million, og i EURO til nærmeste 10 million.

¹ Årsstatistikk for 2007.

² Norske pengespel i ei digital framtid, rapport frå 2001

³ Noregs Bank, Årsjennomsnitt av midtkursar 2007: 8,2194


⁴SSB, ved 1. juli 2008: 4 769 073

Tabellen viser brutto og netto omsetning. Brutto omsetning er samla innsatsbeløp frå spelarane. Netto omsetning er beløpet som spelarane har lagt igjen etter at gevinst er utbetalta. Nettoen blir fordelt mellom formål og aktørar (t.d. lag og organisasjonar, entreprenør, operatør eller kommisjonær).


Fig. 1

Spel og lotteri – prosentvis del av omsetninga i 2008

Brutto omsetning 18,6 mrd



Netto omsetning 7,9 mrd



Norsk Tipping sin brutto omsetning for eigne spel er forholdsvis stabil i 2008 samanlikna med 2007. Auken er 1 prosent, medan tilsvarande auke i 2007 var 8 prosent. Omsetninga blei 9,6 milliardar kroner i 2008. Norsk Rikstoto hadde ei brutto omsetning på 3,7 milliardar kroner. Norsk Rikstoto sin vekst utgjer 17 pst i 2008. I 2007 var veksten til Rikstoto 14 prosent.

Talspelet Extra, som også blir operert av Norsk Tipping, har hatt ein auke i omsetninga på 11 % frå 2007. I 2008 var omsetninga 967 millionar. Ein auke i kupongprisen er hovudårsaka til veksten.

Tal for resten av marknaden er førebelse estimat der Lotteritilsynet har hatt kontakt med ein del av dei større aktørane. I tillegg

har vi sett til eit utval innrapporterte rekneskapstal og løyve gitt i Lotteriregisteret.

Vi reknar med at bingo med og utan entreprenør hadde ei samla bruttomsetning på om lag 3,8 milliardar kroner i 2008. Dette er medrekna sidespela databingo og bingoautomatar. Vi reknar med ein større auke for entreprenørbingo. Auken har først og fremst kome på dei elektroniske sidespela. I tillegg skuldast auken at det er kome nye aktørar inn på bingomarknaden, mellom anna har det i løpet av det siste året blitt etablert mellom 20 og 30 nye bingo-hallar.

Sidan det i 2008 er gitt noko færre løyve til foreningsbingo, reknar vi med ein liten reduksjon for bingo utan entreprenør.

Utviklinga

	2007		2008		Endring	
	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto Oms.
Norsk Tipping (eigne spel)	9 514	4 441	9 612	4 481	1%	1%
Rikstoto	3 163	1 056	3 710	1 214	17%	15%
Talspelet Extra	874	437	967	483	11%	11%
Automatar	10 440	1 982	-	-	÷ 100%	÷ 100%
Lotteri (eksklusiv Flax) *	512	415	500	400	stabilt	
Bingo *	2 869	946	3 800	1 300	større auke	
Totalt *	27 372	9 277	18 600	7 900	÷ 32 %	÷ 15 %

* Deler av omsetninga er estimert og avrunda til nærmeste hundre million for år 2008.

Lotto er største spelet

Lotteritilsynet får regelmessig gjennomført målinger om speleåtfred i befolkninga⁵. Desse målingane blir utført i juni og desember. Kvar gong blir 1 000 personar 15 år og eldre spurde om deltaking i dei ulike spela.

Fig. 2 viser andel⁶ som har delteke i ulike pengespel det siste året (på undersøkings-tidspunktet).

Av Norsk Tipping sine spel er Lotto det spelet som flest har spelt det siste året. Færrest har spelt på tippekuponen, Oddsen eller Keno. Resultatet er temmeleg likt målingane i 2007.

I våre målinger har 7 % sagt at dei har spelt hos Norsk Rikstoto. I ein studie frå SINTEF i 2008 svarte 14 % at dei har spelt hos Norsk Rikstoto⁷ det siste året, men studien viser og at dei fleste spelte sjeldnare enn kvar månad.

Rikstoto sjølv oppgir også fleire spelarar

gjennom året enn det vi ser i våre målinger. Forskjellen mellom vår og SINTEF si måling kan skuldast at vår kartlegging i for liten grad har fanga alle spelarane, og spesielt dei som spelar forholdsvis sjeldan.

Blant private spel og lotteri er det flest, om lag halvparten, som svarer at dei har kjøpt lodd i mindre lokale lotteri.

Fig. 3⁸ syner skilnader for menn og kvinner. Menn spelar oftere enn kvinner på Viking Lotto, Tipping, Oddsen, Keno og hos Norsk Rikstoto. Kvinner spelar oftere på Extra og kjøper oftere Flaxlodd, andre skrapelodd og dei mindre lotteria. Kvinner spelar også litt oftere bingo.

⁵ Respons Analyse AS utfører målingane for oss.

⁶ Resultat må tolkast innanfor feilmarginar på +/- 2 til 3 pst for hovudfrekvensane. Feilmarginar for undergrupper er noko større.

⁷ Sintef Helse, november 2008: Pengespill og pengespillproblemer i Norge 2008 (N=3 436).

⁸ Resultat frå både juni- og desember-målinga er slått saman slik at vi har data frå 989 menn og 1011 kvinner. Panto blei det berre spurt om i desember så utvalet menn og kvinner er her høvesvis 494 og 506.

Fig. 2

Norske spel og lotteri som ein oppgir å ha delteke i dei siste 12 mnd. Spørsmål stilt i 2008





Fig. 3

Kvinner og menn si deltaking i pengespel, 2008



Ein kvart million spelar på nettet

259 000 nordmenn fra 18 år og oppover spelte i 2008 pengespel på Internett.

Dette viser målinger som Respons Analyse AS gjorde for Lotteritilsynet i 2008.

Dette utgjer 7,1 prosent av den vaksne befolkninga.

Talet på nettspelarar aukar dermed ikkje nemneverdig frå 2007 då vi berekna 244 000 nettspelarar. Tidlegare har Lotteritilsynet på grunnlag av slike målinger oppgitt 152 000 for 2004, 207 000 for 2005 og 230 000 nettspelarar for 2006.

I målingane spør vi om spelarar spelar på Internett med PC eller mobiltelefon. Færrest seier at dei spelar med mobiltelefonen, og i 2008 utgjorde desse 0,8 prosent av befolkninga eller 11 pst av nettspelarane.

Berekningar gjort på grunnlag av målingane til Respons Analyse AS¹ viser at nordmenn har satsa 6,9 milliardar kroner over Internett i 2008. Norsk Rikstoto og Norsk Tipping hadde ei samla reell omsetning på mellom 1,6 og 1,7 milliard.

Vår utrekning for spel på utanlandske nettstader vil dermed utgjere noko over 5 milliardar kroner. Dette er lågare enn estimatet vi gjorde for 2007, men forholdsvis store feilmarginar knytt til desse målingane gjer at vi ser resultatet meir som ein indikator på stabilisert, og ikkje redusert omsetning. For 2007 estimerte vi omsetninga til 6,3 milliardar på utanlandske nettstader. Norsk Tipping reknar med at omsetninga på utanlandske nettstader i 2008 ligg mellom 6 og 7 milliardar kroner.

Nettspelarane er som oftast yngre menn. Målingane våre for 2008 viser at blant menn har 12 pst spel på nettet og blant kvinner 2 pst. I aldersgruppa 18 til 29 år har 17 pst spel på Internett. I gruppa 30 til 44 år er andelen 9 pst. I aldersgruppene 45 til 59 år og 60 år eller eldre er prosentane høvesvis 4 og 1.

Berekningar på omfanget av nettspel blir gjort med ein del usikkerheit. Blant anna fordi utvalet nettspelarar som vi når gjennom målingane er små og fordi feilmarginane dermed blir forholdsvis store. Feilmarginar er nærmare omtalt i footnote².

Fig. 4 viser at i 2008 svarte halvparten at dei hadde spelt talspel som t.d. Lotto i løpet av dei siste tre månadane. Mange oppgir også å ha spelt poker (39 pst) samt oddsspel på andre hendingar enn sport og hest (27%). Elles ser vi at ein forholdsvis mindre del (8 pst) av nettspelarane oppgir å ha spelt på automatliknande spel eller andre kasinospel (7%). Færrest (2%) seier dei har spelt bingo.

Dei som spelar på Internett spelar anten på norske eller utanlandske nettstader. Det er sjeldnare både og. I 2008 sa 40 pst at dei berre har spelt på norske nettstader, og 41 pst at dei berre har spelt på utanlandske. 16 prosent oppgir å ha spelt både på norske og utanlandske nettstader.

Dei norske nettstadene er Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. Ifølgje målingane spelte 54 pst av nettspelarane hos Norsk Tipping, medan 11 pst spelte hos Rikstoto.

Blant dei spurde er det seks utanlandske nettstader der 10 pst eller fleire oppgir å ha spelt det siste året. Dette gjeld Unibet (18%), Betsson (15%), Pokerstar (13%), Partypoker (11%), Expekt (10%) og NordicBet (10%).

I 2008 har 47 pst av spelarane sagt at dei spelar 13 gonger eller meir i kvarstalet. Gjennomsnittet er 20,5 gonger eller nær to gonger i veka. Når det gjeld innsats seier om lag halvparten, 49 pst, at dei spelte for 100 kroner eller mindre siste gongen. Gjennomsnittet var 323 kroner.

I målingane spør vi også kva for betalingsmåte nettspelarane nyttar siste gongen dei overførte pengar til ein spelestasjon på Internett eller mobiltelefon.

I 2008 svarar flest, 48 pst, at det er debetkort som vert nyttet når ein overfører pengar til ein spelstad. 23 % oppgir kredittkort. (Fig. 5)

¹ Som tidlegare år har vi gjennomført kvartalsvis målinger der 1000 personar 18 år og eldre blir spurta om dei har spelte pengespel over Internett. Desse målingane er grunnlag for alle resultat som er vist her.

² Andel nettspelarar er 7,1 pst (N=4014), feilmargin 0,8 pst (+/- 11 % i tal nettspelarar).

Snittal for spel i kvarstalet 20,5 gonger (N=278), feilmargin 3,2 gonger (+/- 16 % gonger spel i kvarstalet).

Snittal for innsats siste gongen 323 kroner (N=256), feilmargin 129 kr (+/- 40 % innsats siste gongen).

Fig. 4

Kva slags spel har ein spelt dei siste tre månadane





Fig. 5

Betalingsmåte siste gongen ein overførte pengar til ein spelestad



Rekneskapen 2008

Utgifter Lotteri- og stiftelsestilsynet

Driftsutgifter:

Utgifter Lotteri- og stiftelsestilsynet

Kap. 0305, Post 01 Driftsutgifter

Løying	kr 59 456 000
Rekneskap	kr 57 620 000
Mindreutgift	kr 1 836 000

Kap. 0305, Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løying	kr 3 387 000
Rekneskap	kr 3 230 000
Mindreutgift	kr 157 000

Utgifter meirverdiavgiftskompensasjon

Kap. 315, Post 70 Meirverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjoner

Løying	kr 187 320 000
Rekneskap	kr 181 606 000
Mindreutgift	kr 5 714 000

Inntekter fra spel, lotteri og stiftelsar

Kap. 3305, Post 02 Gebyr

Løying	kr 4 400 000
Rekneskap	kr 5 205 000
Meirinntekt	kr 805 000

Kap. 3305, Post 03 Refusjon

Løying	kr 40 749 000
Rekneskap	kr 40 875 000
Meirinntekt	kr 126 000

Kap. 3305, Post 04 Gebyr stiftelsar

Løying	kr 160 000
Rekneskap	kr 195 000
Meirinntekt	kr 35 000

Kap. 3305, Post 07 Inntekter ved oppdrag

Løying	kr 3 135 000
Rekneskap	kr 3 135 000
Meir-/mindreinntekt	kr 0


Kap. 5568, Post 71 Årsavgift stiftelsar


Løying	kr 11 840 000
Rekneskap	kr 15 337 000
Meirinntekt	kr 3 497 000

Tilsette:

Lotteri- og stiftelsestilsynet hadde 56 fast tilsette ved utgangen av 2008. I tillegg hadde vi 5 engasjement og 2 lærlingar. 51 pst av dei tilsette var ved årsskiftet kvinner.

Organisasjonskart Lotteri- og stiftelsestilsynet pr. 1. oktober 2008





Lotteri- og stiftelsestilsynet

Postboks 800 • 6805 Førde
Telefon 57 82 80 00 • Telefax 57 82 80 80
postmottak@lotteritilsynet.no

